



Politisk program 2023 -2027

Åseral KrF



Verdiar

KrF er eit kristendemokratisk parti. Vårt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar, og uttrykkjast best gjennom det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret. Åseral KrF vil at alt ein gjer skal byggje på og vere gjennomsyra av dette.

Me meiner at alle menneske er like mykje verd, og skal gjevest like sjansar. Det er eit mål for det politiske arbeidet vårt at ein skal lage eit best mogleg samfunn for alle, uavhengig av tru, etnisitet, kjønn, legning eller funksjonsevne. Kommunen skal fremje universelle og utjamnande ordningar som held oppe eit samfunn med små skilnader, syte for trygge rammar og sikre eit verdig liv for den enkelte.



Innleiing

TID TIL DET VIKTIGASTE

Åseral KrF ynskjer å byggje eit varmt og inkluderande samfunn for deg som innbyggjar. Me vil jobbe for høg kvalitet i tenestene til innbyggjarane, ein trygg oppvekst for alle barn, ein aldersvenleg kommune og eit berekraftig næringsliv. Kommunen skal vere til for innbyggjarane, og alle skal oppleve det som trygt og godt å leve i kommunen vår.

KrF trur på eit samfunn som er bygd nedanfrå der familien, som det minste og mest avgjerande fellesskapet, dannar fundamentet for samfunnet vårt. Familien, saman med dei mindre fellesskapa og nettverka, skapar gode oppvekst- og levevilkår for kvar einskild.

KrF ynskjer eit samfunn kor folk sine individuelle initiativ og prestasjoner vert løna. Det er viktig at kommunen spelar på lag med dei som tek risiko for å få avkastning og nye arbeidsplassar.

Rammevilkår og økonomi gjer det naudsyt å gjere prioriteringar i forvaltninga. Då er det viktig for KrF å vera rettferdig og arbeida for at dei rammevilkåra og midlane vi rår over, vert nytta så rettferdig og effektivt som mogleg.

Åseral kommune er ein distriktskommune og det er viktig for KrF å arbeide vidare for eit samfunn der det er godt å leva, der folk kan trivast og der nye innbyggjarar opplever seg velkomne.

KrF vil arbeide for den beste kommunestrukturen og søke gode interkommunale samarbeid som er hensiktsmessige for kommunen.

Samferdsle

Åseral kommune er avhengig av god kommunikasjon. Både næringslivet og den einskilde innbyggjar treng eit godt vegnett.

Barn og unge er både dagen og framtida sine trafikantar. Korleis dei opplever transportkvardagen og kva behov og ynskjer dei har, er viktig i planlegginga av framtidig infrastruktur.

Åseral KrF vil arbeide for:

- betre Fv 4028 veg frå Tveit til Flystveit
- vegsamband frå Bortelid til Ljosland i samsvar med vedteke reguleringsplan
- god trafikktryggleik i kryss og overgangar i Kyrkjeborgda, særskilt for mjuke trafikantar
- god fiber- og mobildekning

Landbruk

Åseral kommune er ein landbrukskommune med tradisjonell jordbruk og skogsdrift som er den primærnæringa som sysselset mange i kommunen vår. Dei held i hevd og nyttar store land- og heieareal. Likevel ser ein døme på landbruksareal som veks igjen. Åseral KrF vil bidra og stimulere til at landbruksareal ikkje gror igjen gjennom blant anna kommunalt tilskot. KrF ynskjer å arbeide for gode og føreseielege rammevilkår for dei som satsar på landbruk.

Åseral KrF vil arbeide for:

- eit allsidig, sterkt og berekraftig landbruk, med fokus på vern av dyrka mark. Åseral KrF er likevel villig til å ta deler av dyrka mark til busetting der dette kan forsvarast, for å legge til rette for auka busetnad og/eller tilflytting til kommunen vår
- at kommunen skal vera tilretteleggjar og vera imøtekommande. Dette gjeld både rådgjeving, nyetableringar og utvidinger
- stimulera til at lokale ressursar vert utnytta og foredla
- målretta og tydeleg politikk overfor næringane, med konkrete møtepunkt mellom administrasjon, politikarar og næringsliv
- god service og rask sakshandsaming
- sikre vidare støtte til landbruket, og med omsyn til det grøne skiftet, etter gjeldande kommunale retningslinjer
- sikre gode vilkår for veterinær

Nærings- og reiseliv

KrF meiner at næringslivet og privat verdiskaping i samfunnet er eit gode som må utviklast og gjevast rom. Privat initiativ og eigarskap har alltid vore ein av nøkkelfaktorane og grunnpilarane for utvikling av nærings- og reiselivet. Samstundes er det ei offentleg oppgåve å sikre stabile og føreseielege rammar rundt næringslivet, slik at ein sikrar sunn vekst. Dette er avgjerande for at privat kapital blir investert i nye verksemder. Det er også viktig for å sikra god drift og vidareutvikling.

Eit blomstrande og levedyktig nærings- og reiseliv er godt for lokalsamfunnet, og ein av dei viktigaste føresetnadene for at folk skal busetja seg i kommunen. KrF vil også kjempe mot utanforskap i arbeidslivet, og aktivt legge til rette for jobbar for utsette grupper.

Åseral KrF vil arbeida for:

- at kommunen skal sørge for eit allsidig og robust nærings- og reiseliv, samt legge til rette og vera imøtekommande overfor næringa
- stimulera til at lokale ressursar vert utnytta og foredla
- god service og rask sakshandsaming
- støtte til klimavenlege og energisparande tiltak

Barn og familie – ein kommune som er god for barna er god for alle

Ein god barndom varer livet ut. Eit av samfunnet sine viktigaste oppgåver er å legge til rette for at alle barn får ein trygg og god oppvekst, og då er gode relasjoner og trygge omgjevnader avgjerande. KrF vil sikre god barnehagedekning, ei god skule og trygge fritidsaktivitetar. KrF har tillit til familiene, og vil alltid kjempe for familiene sin valfridom.

Åseral KrF vil arbeida for:

- at alle barn skal få ein trygg og god oppvekst
- ei eiga lokal kontantstøtteordning frå barna er 20 månader til og med 23 månader
- å arbeide for at alle i lokalsamfunnet blir inkludert
- å styrke psykisk helsehjelp for barn og unge
- trygge og utviklende nærmiljø
- ta vare på barna sine behov ved planlegging og utbyggingar, til dømes ved involvering av ungdomsråd
- halde fram med sommarjobbgaranti til ungdommen som dagens ordning, med god oppfølging
- halde fram med ordninga med utdanningsstipend
- valfridom med omsyn til stillingsstørrelse i kommunale stillingar

Skule, barnehage og skulefritidsordning (SFO)

KrF meiner at skulen skal byggje på kristne og humanistiske verdiar, og halde høg kvalitet. Skulen skal vere både ein dannings- og utdanningsarena, med eit trygt miljø der alle elevar kan trivast og har lyst til å lære. Barn i skule og barnehage har ulike evner, anlegg og bakgrunn. Målet er difor å sikre eit godt læringsmiljø, der den enkelte eleven vert sett, opplever meistring, utviklar seg, og får hjelp til å yte sitt beste. Skulen skal utruste kvar enkelt elev med dei kunnskapar og ferdigheter som trengs i samfunnet.

Åseral KrF vil arbeide for:

- at tilsette i barnehage og skule har god kompetanse og høve til vidare- og etterutdanning
- at kommunen satsar på tidleg innsats og støtte til barn som har særskilte behov, og at alle som arbeider med elevar med særskilte behov skal få ha den naudsynte opplæringa og dei hjelpe midla elevane treng
- prioritere førebyggjande tiltak som miljø- og trivselsarbeid ved skulen
- arbeide for å halde fram med 4-dagars skule
- god norskopplæring til barn av innvandrarar
- oppretthalde full barnehagedekning
- nulltoleranse mot mobbing i skulen og barnehagen
- oppretthalde og leggje til rette for læreplassar i kommunen

Kultur

Kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv er avgjeraende for å fremje trivsel og god folkehelse. Bu-lyst og kulturaktivitetar høyrer saman, og det er difor viktig med eit kultur og friluftsliv som varetek dette. Åseral KrF er oppteken av å ta vare på den kristne og nasjonale kulturarven og samtidig gje rom for nye impulsar.

Frivillige organisasjonar representerer mangfaldet i kommunen og er viktige for å skapa gode lokalsamfunn. Dei frivillige organisasjonane danner fellesskap og samhald på tvers av generasjonar og samfunnslag, og bidreg til å skapa viktige treffpunkt.

Åseral KrF vil arbeide for:

- å gje det frie og sjølvstendige lag- og organisasjonsarbeidet god støtte, med særleg vekt på barne- og ungdomsarbeid. Arbeide for å halde fram med og auke støtte til kulturarbeid
- oppretthalde av kulturskulen
- oppretthalde støtte til idrettsrådet
- å ta vare på viktige handverkstradisjonar og andre tradisjonsuttrykk

Helse og omsorg

Samfunnet skal stille opp når sjukdommen rammar. KrF vil arbeide for ei kommunehelseneste som er tilgjengeleg og velfungerande. Ein skal få den hjelpa ein treng og har krav på uansett alder. KrF vil og styrke folkehelsa ved å legge til rette for eit aktivt liv med moglegheiter for idrett, friluftsliv og deltaking i frivillige organisjonar.

Ei god psykisk helse er og avgjerande for menneska sin livskvalitet, og for moglegheit til å mestre kvar dag, skule og jobb. KrF vil arbeide for at terskelen for å få hjelp ved psykiske utfordringar skal senkast.

Det må og arbeidast førebyggjande for å hindre einsemd, gjennom å skape gode fellesskap der ein kan møtast.

Åseral KrF vil arbeide for:

- at innbyggjarane er trygge på at dei får den hjelpa dei treng
- framleis høg kvalitet og kompetanse i alle ledd
- vere med å bidra til meiningsfulle aktivitetar for innbyggjarar som fell utanfor det ordinære arbeidslivet
- gode heimetenester, slik at dei som ynskjer det kan bu lengst mogleg heime. Blant anna ved smarthusteknologi og kvardagsrehabilitering
- å tilby heimebuande personar med demens eit utvida dagaktivitetstilbod fleire dagar i veka slik at pårørande får avlastning
- ein solidarisk alkoholpolitikk som tek omsyn til sårbare grupper. Dei samfunnsmessige omsyna skal vege tyngst ved utdeling av skjenkeløyve. Alkohol skal ikkje vere ein del av næringsspolitikken, men ligge under helse og omsorg.
- å støtta haldningsskapande arbeid og tiltak mot rus
- oppretthalde skulehelsetenesta
- å oppretthalde og styrke psykisk helsehjelp i kommunen
- å sikre ei god legevaksatsordning i kommunen
- å sikre ei god jordmorordning i kommunen.



Arealforvaltning

Forvaltaransvaret er ein av hovudpilarane KrF byggjer sin politikk på. Åseral kommune er rik på både areal og naturressursar. Desse må forvaltast på ein god måte både for denne, og for komande generasjonar. Åseral KrF seier difor nei til utbygging av vindkraft i kommunen.

Åseral KrF vil arbeide for:

- ei langsiktig arealplanlegging bl.a. i ny kommuneplan, der innspel frå grunn-eigarar skal lyttast til
- at dialogen mellom kommunen og tiltakshavaren skal vere konstruktiv og løysingsorientert
- at planarbeidet skal ta omsyn til miljø, natur og jordvern på ein balansert måte
- at det til ei kvar tid er nok attraktive bustadtomter og næringsareal
- at spreidd bustadbygging framleis skal vere mogleg
- å sikre skattelegging av kraftressursane til beste for lokalsamfunnet
- at omsyn til barn og unge sine behov vert vurdert i alle saker der det er aktuelt
- auka støtte til bustadbygging


Kommunal politikk

Kommunen skal gi best mogleg tenester til innbyggjarane sine. Til å utføra desse tenestene er dei tilsette den viktigaste ressursen kommunen rår over. Det er viktig å ha trygge og motiverte tilsette som gjev innbyggjarane rett og god bistand og hjelp.

Åseral KrF vil arbeide for:

- å fremje konstruktivt samspeil mellom politisk side og administrasjon til det beste for Åseral kommune og innbyggjarane

Foto side 1: Frå venstre Laura Thorsland (listekandidat 2), Jan Stangvik (listekandidat 1) og Olga Forgård Oliegreen (listekandidat 3).



Valliste Åseral KrF 2023

01. Jan Stangvik (1967)
02. Laura Thorsland (1995)
03. Olga Forgard Oliegreen (1974)
04. Knut Sveinung Forgard (1976)
05. Olav Kristian Stangvik (1998)
06. Dagny Marie Telhaug (1994)
07. Cay Robert Håvorstad (1957)
08. Ane Marita Rossevatn Uleberg (1999)
09. Bjørn Fiedler (1976)